

Olav Søfteland
 Langedalen 45
 5212 Søfteland
 Telefon: 95142840
 Epost: olsoeft@online.no

Søfteland, 1. mars 2011

Til Språkrådet
 Nemnda for normering av nynorsk rettskriving

Fråsegn om framlegg til ny rettskrivingsnormal for nynorsk

Eg er først i dag blitt merksam på at denne saka er ute til høyring og at høyringsfristen er ute. Eg tillet meg likevel å senda nokre få merknader.

Det viktigaste med denne saka er å gjera det lettare å vera nynorskbrukar, jf. pkt. 2 i mandatet. Når ein ser kor mange det er som har nynorskbakgrunn i dialekt, grunnskule og geografisk tilknytning, og som likevel heller brukar bokmål enn nynorsk, viser det at det ikkje alltid så lett å bruka nynorsk, i alle fall dersom ein ikkje er spesielt skriftlærd.

Då nynorsk som skriftspråk vart skapt på norsk folkemåls grunn, var det ei stor språkleg frigjering frå eit skriftspråk som var svært fjernt for dei fleste; eit skriftspråk som sannsynlegvis berre dei spesielt skriftlærde kjende seg heime i. Men også dagens bokmål har språkleg sett vore ei stor frigjering. Dei to målformene har gradvis nærma seg kvarandre. Denne tilnærminga kjem til å halda fram. Og bokmålet må me også kunna sei byggjer på dagens folkemål.

I offisiell nynorsk er det ein del ord som det for mange nynorsfolk ikkje er naturleg å bruka, samtidig som andre norske ord som det er naturleg å bruka også for dei som brukar nynorsk, ikkje er tillatne. Dette gjer det stundom problematisk eller tungvint å skriva nynorsk. Folk føler seg usikre, og så finn dei ut at det er lettare og meir praktisk å skriva bokmål. Når ein ser kor mange som har dialektar som ligg nærmare nynorsk enn bokmål, men som likevel brukar bokmål, ser me at det er fleire som lever etter regelen "tal dialect, skriv bokmål" enn "tal dialect, skriv nynorsk". Folk kjenner seg usikre i nynorsk eller dei synest dei får ikkje uttrykt seg presist nok. Nynorsk synest for mange å vera for dei spesielt skriftlærde. Nynorsken har ikkje følgt med tida i same grad som bokmålet har. Her har de som skal normera språket ei stor oppgåve. "Tilnærmlingslinja er ikkje lenger norsk språkpolitikk" står det på side 31. Men bokmålet må ikkje ha einerett på norske ord. Men ord som skal takast opp i nynorsk bør få ei nynorsk bøyning.

Nokre merknader til spørsmål nemnda ber særleg om synspunkt på:

- "Berre *stilling*, ikkje –*stelling*". Heilt einig, "-*stelling*" er eksempel på ord som blir lite brukt og som gjer nynorsken umoderne
- "Valfri j i verb". Ja, me må få skriva byggja, byggjer
- "Former med diftong blir eineformer". Ja, det er i orden med *drøyma* og *høyra*. **Men det er heilt urimeleg dersom me ikkje skal kunna skriva *kjøra*. Det vil for svært mange vera eit irriterande forbod som slett ikkje gjer det lettare å vera nynorskbrukar.**
- "Dykk som subjektform". Bruk av *dokke(r)*, *dåkke(r)* eller *dokk*? Eg er einig i at *dykk* og *dykkar* kanskje er for gammaldagse og unaturlege i talemålet. Men alternativa som er nemnde, er eg sterkt tvilande til som skriftnormal trass i det som framgår av den interessante utgreiinga frå

Universitetet i Bergen. Her bør ein ta seg betre tid. Når ein skal endra nokar i skriftnormalen, bør ein vera sikker på at endringa blir til det betre og blir vel motteken.

- *Noe* bør kanskje aksepteraast
- Det er ulogisk at det skal heita *fråvær* når me har verbet *å vera*

Nokre andre ord som bør vurderast når nynorsk skal moderniserast:

- *Virka* og *virkning* i staden for *verka* og *verknad*
- *Bilde* i staden for *bilete*
- *Hove* eller *hode* i staden for *hovud*
- *Vindu* i staden for *vindauga*
- *Muleg* i staden for *mogleg*
- *Messing* i staden for *massing*
- *An-*, *be-* og *heit* – ord bør kunna innførast i nynorsk dersom det ikkje er godt bruakelege alternativ

Med helsing
Olav Søfteland

-